



# BJERKREIMS NYTT



**INFO TIL BJERKREIMBUEN  
MARS 2022**

**KOMMUNEHUSET:**

Tlf 51 20 11 00  
Månd.-fredag kl 08.00-15.00  
www.bjerkreim.kommune.no

**BIBLIOTEKET:**

Tlf. 51 45 93 20  
biblioteket@bjerkreim.kommune.no  
Måndag 15.00 – 19.00  
Tysdag 14.00 – 18.00  
Onsdag 14.00 – 18.00  
Torsdag 12.00 – 15.30  
Fredag 12.00 – 15.30

**DIM-RENOVASJON:**

Returpunkt glas/metall finn du ved kommunehuset. Mottak av avfall frå hushaldningar og landbruk på Vikesdalsmoen gjenvinningsstasjon kvar onsdag kl 11 -18. Dersom onsdag er heilagdag eller dag før heilagdag er det stengd. Produksjonsavfall må leverast på Svåheia.

**NESTE NUMMER:**

kjem ut seinast torsdag 31. mars. Stoff til neste Bjerkreimsnytt må vere inne før tysdag 22. mars kl. 24.00. Skriv kort!. Om du vil sende bilete, legg dette i eiga fil. Innsendt stoff kan bli redigert. Sendt til postmottak@bjerkreim.kommune.no. Ferdig blad kan lastast ned frå heimesida til kommunen.

**UTGJEVAR:**

Bjerkreim kommune

**KONTAKTPERSON:**

Ingunn Ognedal

**ANSVARLEG:**

Kulturkontoret

**TRYKK OG****GRAFISK FORMGIVING:**

Jærprint



*Hei, gode sambygdingar!*

Samfunnet er på rask veg inn i normal kvardag igjen. Sjølv om smitten i befolkninga er stor, opplever eg situasjonen som under kontroll. Folk blir mindre sjuke. Talet på innleggingar er også på eit akseptabelt nivå. Nå håper eg vi kjem styrka ut av pandemien og at seinskadar ikkje blir eit stort problem.

Dagsturhytta på Kaurebu har blitt en hit. Vår friskliv- og folkehelsekoordinator Line Pettersen har gjort ein kjempejobb saman med andre. I sist formannskapsmøte vedtok vi også å kjøpe ein toalettinstallasjon i same stil som dagsturhytta. Slik kan den «utfordringa» på Kaurebu blir ivaretatt på ein god måte både for besøkjande og grunneigar.

Saman med Bjerkreim Næringsforening, TEAL (Tidlegare Ryfylke næringshage/Bjerkreim Næringshage) og Bjerkreim kommune er vi i gang med samarbeid inn mot næringsdrivande i Bjerkreim. Den 11. mars blir det næringslivslunsj og snart vert invitasjonen sendt ut. Håper næringsdrivande i Bjerkreim set av datoen for å bruke nokre timar saman med oss og andre bedriftseigarar. Det er også satt av oppfølgingsmøte den 11. mai. Set av desse datoane mellom kl 11:00-13:00. Gi ei tilbakemelding om invitasjonen ikkje kjem fram til din epostboks.

Vår kommunalsjef levekår Øyvor Sønstabø er takka av. Det er verkeleg eit stort tap, ho har gjort ein framifrå jobb i Bjerkreim kommune. Men når ei dør blir lukka opnas ei ny. På rekordtid har administrasjon klart å erstatte Øyvor med Eva Fagerheim. Eva Fagerheim kjem frå LHL klinikken på Nærland. Ho kjem inn i kommunen med høg kompetanse og erfaring. Vi ønskjer Øyvor lykke til i Sola kommune og gler oss til Eva tiltrer for fullt.

Når Bjerkreimbuarar hevdar seg med medalje i NM blir dei heidra på kulturdagen. Men det er også andre greiner som ikkje er knytt mot idrettsmiljøet som deltek i Noregsmeisterskap. I denne forbindelse vil eg bruke nokre linjer på å gratulera Nyyt på Røysland Gard med «årets kjøtt» i «Det Norske Måltid». Dette er kjøttbransjen sitt Norgesmeisterskap. Endeleg var det Nyyt sin tur til å stikke av med førsteplassen. Gratulerer så mykje til Georg Fredrik Ueland med familie.

Så vil eg ønskje alle ein god vinterferie. Bruk snøen som kjem - Stavtjørn er klar med preparerte løyper og tråkka alpinanlegg, god ferie!

*Vennleg helsing, Kjetil*

**VIKESÅ TAXI**  
51 45 19 00



## FERIEVIKARER 2022

Omsorgssenteret søker ferievikarer i perioden uke 25 tom 33. Det er behov for ferievikarer i sykehjem/hjemmesykepleier og kjøkken/renhold. Marker i søknaden om du ønsker å arbeide i pleierelaterte oppgaver eller ved kjøkken/renhold.

Kan du jobbe utenom oppgitt periode er det fint om du skriver det i søknaden. Søkere som kan arbeide hele ferien vil bli prioritert

### Krav til kompetanse:

Det er ønskelig med helse-/sosialfaglig utdanning for de pleierelaterte arbeidsforholdene, men andre kan også søke. Har du ingen erfaring, men har lyst til å prøve deg i helsefaglig arbeid, er du velkommen til å søke. Opplærning vil bli gitt.

Søkere som ikke har norsk som sitt morsmål, bes redegjøre for både skriftlig og muntlig fremstillingsevne. Språknivå vil bli vektlagt i ansettelsesprosessen.

Lønn etter gjeldende tariffavtale.  
Søknadsfrist 09.03.2022

### Kontaktpersoner:

Ellen Cecilie Vikeså, soneleiar,  
tlf: 51459355

Ann Karin Hammer, tlf 51459356

Benytt elektronisk søknadskjema:

Se kommunes hjemmeside under ledige stillinger.

Ferievikarer - helse og omsorg -  
Referansenr. 4476801362

## HJEM FOR EN 50-LAPP

Transportør er Vikeså taxi,  
telefon 51 45 19 00

Ruten er fra Egersund v/Amfi via Tengesdal, Bjerkreim og til Vikeså.

### Retningslinjer:

- *Tilbudet gjelder ungdom under 24 år som skal reise. Hvis passasjerene er eldre enn 24 år kan de bli med dersom det er plass i bilen, i tillegg til de reisende under 24 år.*
- *Bestillingen må foretas en time før turen, natt til lørdag eller natt til søndag.*
- *Det er den første bestillingen som styrer oppsettet for turen. Det er likevel plass til flere passasjerer, inntil 16 stk.*
- *Kjøretiden er kun natt til lørdag eller natt til søndag, i tidsrommet mellom kl 23.00 og kl 00.30. Det kjøres kun en tur pr dag.*
- *Kjøring er kun mulig dersom Vikeså taxi melder tilbake til bestiller at det er mulig å sette opp transport.*



- *Kjøring foretas etter fast oppsatt rute (Egersund, Tengesdal, Bjerkreim, Vikeså). I tillegg kan det kjøres inntil to-tre km på stikkveier i tilknytning (spør ved bestilling).*
- *Egenandelen for ungdom under 24 år er 50 kr. Personer over 24 år betaler 100 kr i egenandel (forutsetter at det er plass).*

Arr. Bjerkreim kommune i samarbeid med Kolumbus og Vikeså taxi

## OFFENTLIG BADETILBUD FRAM TIL PÅSKE 2022

Det vil være vann i bassenget på Vikeså skule fram til påskeferien. Badetilbud for barneskoleelever mandager og offentlig svømming lørdager er åpent hver uke til og med lørdag 2. april (offentlig svømming) og mandag 4. april (mandagsbading for barneskoleelever). Også åpent i vinterferien.

Se Bjerkreim kommune sin nettside under kultur – idrett – offentlig svømming for nøyaktige klokkeslett på de ulike badetilbudene.

## SE VIDEO FRA 1980 – OG 90 – TALLET

Ny, digitalisert video er nå lagt ut på kommunens hjemmeside. Du finner den under Kultur – digitaliserte videoer: Krigsminne fra Bjerkreim (1990)

## INNBYGGERINNSYN/MINE FAKTURAER

Fra og med 2022 kan du finne fakturaer fra Bjerkreim kommune på vår nye portal.

Innbyggere kan nå gå inn på våre nettsider, under økonomi og Mine fakturaer, og se faktura sendt fra kommunen i egen portal. Innlogging skjer via ID-porten og i løsningen kan du se hva som er betalt og hva som står i rest.

Du kan klikke på faktura og få detaljer for fakturert beløp, og du kan også se fakturaen i PDF for eventuell utskrift.

Vi henstiller til innlogging for å se status og informasjon om hjelp.

## SKYLDNERPORTAL

Bjerkreim kommune har nå en ordning om at de som skylder kommunen midler kan gå inn på skylderportal for å se status på sak. For å komme inn i denne portalen må du ha mottatt inkassovarsel.

Innlogging skjer ved ID-porten og informasjon om innlogging finnes på kommunens hjemmeside.

## POLITISKE MØTE MARS:

Innkallingar/protokollar finn du på kommunen sine heimeider:

[www.bjerkreim.kommune.no](http://www.bjerkreim.kommune.no)

Gruppemøter:

Formannskap.:

Kommunestyre (ekstra):

Fellesrådet for eldre og funksjonshemma

Ungdomsråd

Levekårsutval:

LMT-utval:

Måndag 14. og 28. kl. 19.00

Tysdag 15. kl. 16.00 og 29. kl. 13.00

Torsdag 17. kl. 19.00

Torsdag 24. kl. 13.00

Tysdag 29. kl. 17.00

Onsdag 30. kl. 13.00

Onsdag 30. kl. 19.00



# INVITASJON TIL FOLKEMØTE

Torsdag 10. mars kommer arkitektteamene tilbake til Vikeså for å presentere de ferdige forslagene til utvikling av Vikeså sentrum. Møtet er åpent for alle og finner sted på Samfunnshuset kl 19-21.

For mer informasjon om prosjektet, se kommunens hjemmeside:

<https://www.bjerkreim.kommune.no/aktuelt/sentrumsutvikling-vikesa-midtveis.110279.aspx>



3RW Dronninga landskap



KREFTFORENINGEN  
KRAFTTAK MOT KREFT

## BJERKREIM BYGDEKVINNELAG STØTTER KRAFTTAK MOT KREFT

1 av 3 rammes av kreft! I år går alle innsamlede midler til forskning på kreft med spredning, og til omsorgstilbud til de som er berørt. Det finnes håp i forskning- håp om ei fremtid!

Støtt Bjerkreim Bygdekvinnelags innsamling ved å Vippse ditt bidrag til 491031. Sammen skaper vi håp!

## POTETKAKEKURS

21. mars kl 18:00 i regi av Bjerkreim Bygdekvinnelag. Åpent for alle. Kurset er gratis mot at du stiller opp og baker under Bjerkreimsmarken.

Påmelding til Liv Karin tlf: 91729184

## FRILUFTSKVELD

16. mars kl 17:30. Bjerkreim Bygdekvinnelag i samarbeid med Dalane Friluftsråd. Oppmøte på parkeringen ved fotballbanen kl 17:15. Vi rusler inn til gapahuken på Foreneset, der lager vi pinnebrød på bål. Varer til kl 19:00. Velkommen

## MEDLEMSKVELD

i Bjerkreim Bygdekvinnelag. I anledning International kvinnedag 8. mars møtes vi kl 19:00 til kveldsmat og utlodning på Samfunnshuset. Det blir servert suppe og brød. Velkommen

## ONSDAGSKLUBBEN 3G

Godt humør, godt kledd, godt miljø! Onsdag 2. mars. Asheim DFU-hytta, oppmøte ved Esso kl 10.00. Arr. Fellesrådet for eldre og funksjonshemma

## BINGO

Onsdag 9. mars kl 14.00 i Peisestova på Vikeså Misjonshus. Arr. Bjerkreim helselag

## DUKAR

Helselaget leiger ut kvite dukar.  
Kontakt Ingbjörg Vassbø, tlf. 486 03 535.

## BJERKREIMSQUIZEN

Vikeså Veiservice onsdag 16. mars kl.19.30:  
Quizmaster: Tom Fjermedal  
Startkontingent: kr.30,- pr.pers.  
Velkomen til nye og gamle quizarar!

## ÆTTESOGELAGET

Torsdag 3. mars kl 19.00  
på Kommunehuset på Vikeså.  
Vising av bilete frå Bjørn Hille si samling, dei fleste 25-40 år gamle.  
Jorunn Kydland fortel frå ein grenselos- og fredsmarsjtur frå Ørje til Sverige. Årsmøte.

## PENSJONISTLAGET – GILDT SAMVÆRE !

Torsdag 31. februar kl. 14.00 – 17.00.  
Stad: Litlesalen, Samfunnshuset.  
Kåseri  
Underholdning  
God mat  
Utlodning  
Inngangspengar kr. 50  
Alle over 60 frå Bjerkreim og nabokommunane er velkomne.  
Takk til SR-bank for sponsing av husleige.  
Styret i pensjonistlaget

## INTERNASJONAL KVINNEGRUPPE

Velkommen til uformelt treff på lærerrommet på Vikeså småskole, onsdag 9. mars, kl. 18.30-20.30.  
Det serveres kaffi/te og litt å spise. De som vil kan gjerne ta med litt frukt, småkaker, kjeks eller noe annet.

## HAGEMØTE MED CLAUD DALBY!

Stad: Sokndal kino.  
Tid: Onsdag 16.3 kl 19:00  
Påmelding til: 995 20 220 innen 8.3.  
Inngang 100,- for medlem. 150,- ikke medlem.  
Servering av kaffe og noko å bite i.  
Alle er velkomne.  
Arr. Bjerkreim hagelag saman med hagelaga i Dalane



## LYS OVER LAND

Kretssekretær Odd Eivind Høyvik talar på desse møta:  
Onsdag 30. mars: Bjerkreim Bedehus – Husets trekkspelklubb frå Bryne deltek.  
Torsdag 31.mars: Eikeland Grendahus  
Fredag 1.april: Espeland Forsamlingshus  
Alle møta byrjar kl.19.30

## VIKESÅ MISJONSHUS

02. kl 20.00 Bønnesamvær  
06. kl 19.30 Møte med Odd Dubland.  
07. kl 19.00 Yngres og Korvetten  
09. kl 19.30 Samtalemøte  
10. kl 19.30 Møte NLM J.Trodal  
11. kl 20.00 Fredagsklubben  
13. kl 10.45/11.15 Søndagssamling/søndagsskule  
17. kl 19.30 Møte Israelsmisjonen  
20. kl 11.00 Gudstjeneste og søndagsskule  
21. kl 19.00 Yngres og Korvetten  
26. kl 19.30 Møtehelg NLM  
27. kl 19.30 Møtehelg NLM

## BJERKREIM BEDEHUS

07. kl. 19.00 Yngres  
12. kl. 12.00 Bedehusbasar kl. 19.00 Basarkveld  
14. kl. 18.30 Gutte- og jentelag  
15. kl. 19.30 Logos  
18. kl. 19.30 Møte Normisjon  
19. kl. 18.00 Lørdagskveld m/ kveldsmat  
kl. 18.45 Møte m/barnesamling  
20. kl. 11.00 Endelig søndag Normisjon  
kl. 11.20 Søndagsskule  
21. kl. 19.00 Yngres  
24. kl. 19.30 Møte Samemisjonen  
25. kl. 19.30 Møte Samemisjonen kl. 20.00 Fredagstreff  
28. kl. 18.30 Gutte- og jentelag  
30. kl. 19.30 Møte Lys over land

## BEDEHUSBASAR LØRDAG 12. MARS

(til inntekt for drift av bedehuset)  
kl. 12.00 Kafé med sal av graut, pølser, kaker og sal av rulleappar  
kl. 13.30 Familiemøte og barnebasar, med song av barnekoret og andakt av Gunvor Aardal  
kl. 19.00 Basarkveld, med song av BSK og tale av Magnus Helland, sal av pastasalat og hovudtrekking

Dersom du ikkje kan koma kan du kjøpa lodd (ev. gje ei gåve) via Vipps: 93429 (Bjerkreim Indremisjon) eller bankkonto: 3344 20 01184 (Bjerkreim bedehus). Du må gjera dette innan 6. mars, og merka betalinga med «lodd», namn og tlf.nr. (ev. «gåve»). All inntekt frå loddsalet går til drift av bedehuset. Takk for støtte!

## NORMISJON – BJERKREIM BEDEHUS

Møte fredag 18. mars kl. 19.30.  
«Lørdagskveld på bedehuset» lørdag 19. mars.  
Kveldsmat kl. 18.00. Forsongargruppa. Kaffi etter møte.  
«Endelig søndag» søndag 20. mars kl. 11.00.  
Kåre Bødalen blir med på alle samlingane.  
Velkommen!



## VELKOMMEN TIL PLANLAGDE GUDSTENESTER:

(endringar kan koma sjå: [bjerkreimkyrkja.no](http://bjerkreimkyrkja.no), Facebook-sida eller fredagar i Dalane Tidende)

**Sundag 6. mars kl. 11.00.**  
Gudsteneste i Bjerkreim kyrkja

**Sundag 13. mars kl. 11.00.**  
Gudsteneste i Ivesdal kyrkje

**Sundag 27. mars kl. 11.00.**  
G3 på Vikeså Misjonshus

**Sundag 27. mars kl. 11.00.**  
Familiegudsteneste i Bjerkreim kyrkje.  
Utdeling diplom dåpsskulen

## DØDE:

22.01.22 Liv Karin Tveråen  
28.01.22 Krestina Laksesvela

## TRAFIKALT GRUNNKURS

På grunn av permisjon utgår trafikalt grunnkurs denne våren. De det er aktuelt for kan henvende seg til f.eks Høien Trafikk i Egersund. Høsten er ikke avklart ennå.



**KVEIK:** Velkommen til første inspirasjonskveld i kulturbanken 16. mars kl 19.30! Tema for første samling: «Grip dagen! Men først kaffien...». Kveldens gjest blir Terje Undheim fra Drøsen kaffibar på Nærbø. Les mer på [bjerkreimkyrkja.no/kveik](http://bjerkreimkyrkja.no/kveik)

## Er vi heilt den same når me kjem ned frå fjellet etter ein mektig «fjelltoppoppleving»?

På kristi forklåringsdag var teksta frå Luk 9,28-36. Den handla om ein topptur. Og eg kan nesten sjå føre meg Jesus: Det har vore travelt. Han vil trekke seg tilbake. Han pakkar ein liten sekk med litt mat. Litt vatn. Bind beltet om livet. Ser seg ut ein passeleg vandrestokk. Han har gjort det før. Han kjem til å gjere det igjen.

Jesus gjekk av og til for å vere aleine. Disiplane på sin side er innstilte på å vere utan han ei stund. Kanskje toppen eit par dagar? Men denne gongen, før han går, inviterer han med seg tre av disiplane: «Peter? Johannes? Jakob? Eg hadde sett veldig pris på om dokke hadde blitt med meg? Pakk litt niste de óg. Finn ein stav. Og bli med!» Jesus inviterar dei med! Og dei lar seg ikkje be to gonger!

Dei raskar med seg det dei treng. Og etter nokre få straksar er dei ganske oppromte der dei følgjer med Jesus bortetter stien og opp på fjellet.

Jesus inviterer fortsatt med seg disiplar som vil vere med «opp på fjellet». Joda, kanskje ein tur til Kaurebu eller opp på Storafjellet og Men også til gudsteneste, møte, trusopplæringstiltak, konfirmasjon, vigsel, dåp, samtale, og mykje meir.

Oppleringa Peter, Johannes og Jakob hadde saman med Jesus var spesiell. Dei kom ned igjen med nye erfaringar og nye erkjenningar. Eg er viss på at dine «fjellturar» med Jesus også kan verte fantastiske, ja, du risikerer «å komme ned frå fjellet» som ein litt anderledes person. Så når du mottar invitasjonen frå Jesus: blir du med??

Soknepresten

## UTDRAG FRÅ KYRKJELEG ÅRSSTATISTIKK 2021

På grunn av koronapandemien er gudstenestedeltakarar og offer lågare enn tidlegare

	2021	2020	2019
Dåp	24	33	19
Vigslar	4	5	6
Gravferder	18	14	26
Konfirmantar	42	37	42
Innmeldingar	2	3	2
Utmeldingar	10	2	7
Gudstenester søn- og høgtidsdagar	49	43	45
Andre gudstenester	9	7	13
Deltakarar	3548	3065	6324
Snitt pr. gudsteneste	61	61	109
<b>Offer:</b>			
Offer eige arbeid	43420	62210	79065
Andre føremål	206074	141075	227528
Gjevarteneste	74900	78000	89609
Totalt innsamla	324394	281285	396202

## VEDLIKEHALD AV GRAVMINNE

Etter gravplasslova §15 har festar ansvar for å halde ei grav i hevd. Festar eig gravminnet og er ansvarleg for at gravminnet ikkje er til fare for dei som ferdast på gravplassen – dvs ansvarleg for sikring og vedlikehald av gravminnet. Kyrkjeverja oppmodar alle om å kontrollere at gravminna er sikra med to boltar. Fleire gravminne står skeivt og bør rettast opp. Hugs óg vedlikehald av sjølve gravminna; eksempelvis med oppfrisking av inskripsjon og fjerning av grønnske og mose. Inskripsjonen skal vere synleg.



## SØKNAD OM PRODUKSJONSTILSKOT OG TILSKOT TIL AVLØYSING 2022

### FØRSTE SØKNADSRIST 15.03.22

Søknad om produksjonstilskot består av 2 delar, del 1 med søknadsfrist 15.03.22 og del 2 med søknadsfrist 15.10.22. På same måte som i fjor haust, skal søknadsfristane praktiserast fleksibelt, slik at du kan levera heilt fram til 29.03.22, men **du får eit trekk på kr. 1 000,- pr. dag du leverer etter 15.03.22.** Du kan og korrigerer søknaden fram til 29.03.22 - utan økonomiske sanksjonar.

Du skal nå søkja tilskot til:

- Husdyrtilskot: halvt tilskot til alle dyreslag, med unntak for alle sauene som får fullt tilskot ved denne søknadsomgangen.
- Dette gjeld også i høve til grunnlaget for avløyartilskotet for heile 2022.
- **Du skal ikkje søkja om avløyartilskot før i oktober.**
- Definisjonen av sau er nå «sau født året før eller tidlegare». Det betyr at både påsettlam og «blålam» får husdyrtilskot dersom du har desse fram til 01.03. Fjorårslam som vert slakta etter 01.03 får ikkje lammeslakttilskot. Med andre ord så får ein ikkje i «pose og sekk». Tilskot til lammeslakt er redusert til 450 kr frå og med 2019.
- Opplysningar om slaktedy, gris og kylling vert henta frå leveranse-databasen, så det einaste du treng å gjera er å kryssa av for at du vil søkja tilskot for desse dyra.
- Du søker også om driftstilskot for mjølkeproduksjon og spesialisert kjøttfeproduksjon, samt tilskot til små og mellomstore mjølkebruk ved denne søknadsomgangen. Dette er tilskot som vert berekna automatisk med grunnlag i det dyretallet du søker på i høve til mjølkekyr og ammekyr.

• **Husk at både mjølkekyr og ammekyr må ha kalva minst ei gong dei siste 15 månadene, for å verta rekna som kyr. Dei som har lengre kalvingsintervall, vert då rekna som øvrige storfe.**

• **Ver nøye når du fører opp dyr!**

**Me finn ennå feil på kontrollane, og avkortar tilskot på grunn av feilføring.**

**Ved søknad på del 2 i oktober 2022, skal ein søkja på:**

- Husdyrtilskot, unnateke sau
- Areal- og kulturlandskapstilskot
- Driftstilskot mjølkeproduksjon og spesialisert storfekjøttproduksjon
- Tilskot til små og mellomstore mjølkebruk
- Avløyartilskot
- Beitetilskot for 16 veker beite, her må ein vera nøye å berre føra opp dei dyra som faktisk har vore ute på beite i 16 veker.
- Beitetilskot på utmark i minimum 5 veker.

**Me må oppfordra dykk til å vera nøye med utfylling av søknaden.**

**Alle dyretal SKAL vera korrekte, og me anbefaler fysisk teljing av dyra før ein fyller ut søknaden.**

Landbrukskontoret vil framleis kunna rettleia dykk i søknadsprosessen, og forklara korleis de skal gå fram. Dei som treng meir hjelp, kan ta med bank-id-brikka til landbrukskontoret så vil me hjelpa til med utfylling av søknaden. Det er også høve til å levera søknad på papir.

Lurer du på noko så ikkje nøl med å ta kontakt med Svein Olav 51201173/99021019, Kjell 51201172 eller Gerd 51201170. Det er betre å kontakta oss ei gong for mykje, enn ei gong for lite.

**Lukka til !**

**Husk å sjekke om du har nok SPREIEAREAL før du tek i mot gjødsel frå andre føretak !**

Me hadde tilsvarande overskrift i fjor på denne tida og det resulterte i at fleire av dykk tok kontakt og fekk berekna spreiearealet på bruket.

Dersom du er i tvil om du har nok spreieareal, så ta kontakt så skal me hjelpe til med berekning og husk at dersom du tek i mot husdyrgjødsel frå andre så skal dei mottekne gjødsel-mengdene i gjødselplanen.

### MJØLKESAFARI 2022

Me på landbrukskontoret arrangerte vinteren 2020, eit kurs som me kalte «mjølkesafari» med fokus på bygging lausdriftsfjos til mjølkeproduksjonen. Det vart ein stor suksess med 40 deltakara.

Me veit at det framleis er mange mjølkeprodusentar i Dalane, som lurar på korleis dei skal tilpassa seg lausdriftskravet frå 2034. Me besøker den **8. mars** 4 mjølkeprodusentar, som deltok på førre kurs og som har bygd om til lausdrift sidan 2020. Me besøker følgene bønder: Viljen Nedrebø, Svein Olav Tengesdal, Hans Steinberg og Per Kåre Kjømø, som alle har valgt ulike løysningar.

Den andre kursdagen, **15. mars**, setter me fokus på ulike val i ein byggeprosess, finansiering, driftsøkonomi, moglegheiter for tilskott frå Innovasjon Norge og praktiske erfaringar frå ein bonde, som har flyttet inn i nytt fjos for nokre månadar sidan. Du treng ikkje ha konkrete planar for å bli med på «mjølkesafari», men bli med og sjå korleis andre har valgt å gjera det ! Mjølkesafarieren er sjølvstøtta gratis

Påmelding til landbrukskontoret innan 01.03.2022

## INFORMASJON



  
MYKSVOLL  
MIKROBRENNERI

kaffe bestiller du her:  
**HÅNDBRENT.NO**  
leveres på din dør i Bjerkreim



### PITTERGARDEN VIKESÅ

☎ 415 14 836, 481 81 804

Ull produkter, håndverk

Lokaler med særpreg:

Årsmålsdager, events, konserter.

Inn på Tunet "Trygg med hest", for barn

Arkitekter MNAL, NIL. [www.arkaarberg.no](http://www.arkaarberg.no). Tlf 481 81 804



## Gitar og Handverk DA

Vi leverer blomsterdekor på bestilling,  
gitarreparasjoner og rekvisitasalg.

Heiavegen 70, 4389 Vikeså Telefon 900 18 689/952 37 450  
www.gitaroghandverk.no

## ADVOKAT 1

ADVOKAT MONICA SOLBERG-LEINEBØ

Alminnelig praksis.  
Åpent etter timeavtale på «Malerloftet», 4389 Vikeså  
Tlf 924 69 775/ 4000 3150  
solberg@advokat1.com, www.advokat1.com

HANMEDHATTEN.NO SILVERANDLIGHT.NO



POST@HANMEDHATTEN.NO, MOBIL: 90020955  
DU ER HJERTELIG VELKOMMEN TIL VÅRT FOTOSTUDIO I RØYSLANDSDALEN 95

Bjerkreim  
legekontor  
51 20 43 30

www.bjerkreimlegekontor.no

Vask hendene  
og ta vare  
på kvarandre!



Extra Vikeså

Man-Fre 07.00-22.00 Lør 08.00-21.00

Coop Byggmix / Landbruk

Man-Fre 08.00-18.00 Lør 09.00-16.00

Coop Prix Bjerkreim

Man-Fre 08.00-21.00 Lør 09.00-20.00

coop



Telefon 51 49 13 04

VELKOMMEN TIL  
KLINIKKEN  
PÅ NYTORGET 3!

Heste- og stordyrpraksis Tore Malmei 900 59 222  
Kontortid: 08.00 - 09.30

**Dyrlege Marit Brevik, Vikeså**  
Spesialistkompetanse på tannsykdommer  
hund og katt  
Timebestilling 95141920



Kiropraktisk behandling av dyr  
Kastrering og sterilisering  
Kirurgi  
Digital røntgen  
ID-merking  
Vaksinering  
Tannbehandling

Vikeså veterinærkontor  
Vakt telefon alle dyr • Tlf. 51 45 21 65

ÅPENT TIL KL 22.00 HVER DAG



VIKESÅ  
VEISERVICE AS

- Kafé
- Turistinformasjon
- Fiskekort m.m.

4389 VIKESÅ – Tlf: 51 45 97 00

VELKOMMEN INNOM!